

# NYE VOSS VGS

## Resultat av idékonkurranse

Deltakande kunstnarar

1. Laila Kongevold og Stefan Christiansen
2. Lillian Dahle
3. Lars Sture

Området for idékonkurransen er Skuletunet. Kunstutvalet har særleg peika på dei store trevoluma og treflatene i rommet, men kunstnarane har hatt høve til å tolke oppgåva som dei fann det best. Det har vore eit mål å velja eit vinnarframlegg som so vert utvikla i eit forprosjekt med sikte på realisering. Realisering av prosjektet må fylgje byggjeprosessen og gjerast ferdig i takt med byggjeprosessens fristar. For integrerte løysingar er det naudsynt å arbeida i dialog med arkitekt og prosjektleiarar. Som innleiing til konkurransen var kunstnarane på synfaring på Voss og fekk informasjon om bygg, skule og premissane for konkurransen.

Den økonomiske ramma for prosjektet er kr. 800 000.

Kunstutvalet for Nye Voss vgs har vore jury:

Hilde Skjeggstad, kunstkonsulent og juryens leiar.

Ingebjørg Engel Astrup, byggherrerepresentant Hordaland Fylkeskommune (HFK).

Gunnar Hemre Ringheim, prosjektleiar, HFK.

Marianne Ose Askvik, representant kulturavdelinga, HFK.

Rannveig Landrø, arkitektrepresentant, Nordic architects.

Brita Skjervheim, lærarrepresentant, Nye Voss vgs.

Rebecca Hamre Vassdal, elevrepresentant, Nye Voss vgs.

Tiril Netteland Norevik, vara elevrepresentant, Nye Voss vgs (møterett, ikkje stemmerett).

Svein Inge Styve, observatør, rektor Nye Voss vgs.

Hilde Skjeggstad har vore juryens sekretær

Alle framlegga er leverte i tide og fyller dei formelle krava.

OM FRAMLEGGA

Laila Kongevold og Stefan Christiansen

Tittel: Norske talenter. Akantus/Apollo.

Kongevold og Christiansen gjer framlegg om eit stort relieff på Auditorieboksen, *Akantus*, og ein skulptur montert på undersida av møteromboksen, *Apollo*. Arbeida etablerer ein visuell dialog diagonalt i rommet.

*Akantus* er eit relieff i trefiner med utgangspunkt i det tradisjonelle Akantus-ornamentet, mykje brukt i arkitektur, biletkunst og folkekunst. Hovudforma vert laga av 2-3 lag formskoren finér, plater av ca. 15 mm tjukkeleik. Ornament, figurar og geometriske teikningar vert frest inn. Nokre detaljar er av heiltre. Kunstnarane ynskjer kompleksitet og detaljrikdom, t.d. at figurar kan vera "skjult" i hovudforma.

Relieffet monterast i ein trekantform på hjørnet av auditorieboksen, nær på symmetrisk om hjørnet. Horisontal øvre linje, ned i spiss på midten mot golv. Total høgd ca. 5 m, breidde på kvar vegg ca. 8 m. Høgd over golvet ca. 1 m. Skissene viser hovudforma, med framlegg til ulike variablar; i grad av relieff, bruk av farge og monteringsløyisingar (heilt inn på veggen eller montert med mellomrom mot massivtreveggen).

*Apollo* er ein skulptur montert på undersida av møteromboksen. Forma er basert på ein rakettmotor, men kan og symbolisera olympisk eld, eit beger eller eit trofé som er snudd opp-ned. Nedre del av skulpturen er utforma som ein brennande flamme.

Skulpturen skal utførast i heiltre og finér, og er tenkt delvis fargesatt (flammen). Fundamentet har diameter ca. 3 m. Total høgd 2,5 m, synleg flamme ca. 1 m. Høgd over golv ca. 1 m. Skissa viser og ei alternativ løyising med lågare høgd på flamma, og høgd over golv ca. 2 m.

#### Juryens vurdering

Laila Kongevold og Stefan Christiansen har levert eit kraftfullt og dristig framlegg som tar rommet med storm. Både *Akantus* og *Apollo* tar plass og merksemd og endrar langt på veg rommets karakter og måten ein les arkitekturen på. Med humor og visuelt overskot bidreg det til å streka under at Hjarterommet er hovudrommet på skulen. Det rosemalingsaktige i Akantus-ornamentet er tveggja og frekt: Nokre vil oppleva det som på grensa til - eller over i - noko gammaldags og utdatert, medan andre vil sjå det som frimodig og moderne. Kunstnarane si handtering av materialar og detaljar vil vera avgjerande for om prosjektet balanserer denne eggen på ein produktiv måte.

*Apollo* gjer om det hengjande grupperommet til ein rakett - eit humoristisk grep juryen har stor sans for. Juryen er meir tvilande til måten skulpturen er utforma på. Av tryggleiksmessige årsaker kan ikkje skulpturen gå så langt ned mot golv som skissene syner, men bør avsluttast over normal hodehøgd, ca. 2,20 m eller høgare over golv. Juryen trur og prosjektet vil være tent med et sterkare visuelt og materialmessig slektskap mellom *Akantus* og *Apollo*, der *Apollo* bearbeidast til eit lågare relieff og formspråka vert knytt meir i hop.

#### LILLIAN DAHLE

Tittel: Karveskurd

Lillian Dahle gjer framlegg om ornament / geometriske figurar frest inn i massivtreveggane i Hjarterommet. Arbeidet tek utgangspunkt i tradisjonell karveskurd, der ein skjer v-forma liner med kniv og ofte og lagar trekanta snitt ned i treet. Dahle har brukt denne teknikken i ein serie platter (ein slags fat i tre) dei seinare åra, og gjer framlegg om å overføra dette i stort format til

Hjarterommet. I hennar arbeid malast dei nedsenka snitta i klåre farger. Ho gjer og framlegg om å leggja ein gjennomskinleg lasur på massivtreveggane nokre stader.

Formane er geometriske, og er utvikla frå tre ulike typar mønster: Ornamenter i tradisjonell karveskurd, spiralen slik han vert beskriven av det gyldne snitt m.a. i naturen, og i hyposykloider. Ein hyposykloide er ein kurve teikna av eit punkt på ein sirkel når sirkelen rullar langs innsida av ein annan sirkel. Dei ser ut som en slags "spiralblomar", og kan m.a. teiknast av eit enkelt leikety med ein blyant i eit lite tannhjul som trillast inni eit anna tannhjul.

Dahle gjer framlegg om figurer på dei fleste store flatane i rommet, i ulike storleikar, med ulik detaljering og i ulik fargekontrast til massivtreveggane. I huket på auditorieveggen kortvegg, gjer ho framlegg om ein heildekkande mønstring etter inspirasjon frå eit åkle. På undersida av møteromsboksen føreslår ho ein heildekkande formasjon som tek utgangspunkt i spiralen beskriven av det gyldne snitt, med fargar som glir over i kvarandre frå midten og utetter.

#### Juryens vurdering

Lillian Dahle har levert eit framlegg med sterk forankring i vestnorsk handverkstradisjon. Arbeidet er, som det einaste, totalt integrert i arkitekturen. Einaste inngrep er å ta bort materiale frå massivtreveggene, og å tilføre farge. Framlegget er tiltalende, og kan, med Dahles sans for variasjon og detaljering, utan tvil bidra til karaktersterke og interessante soner i rommet.

Framleggets svake side er, etter juryens meining, at det er noko uutvikla med omsyn til mengd og plassering. Dahle gjer framlegg om figurer på de fleste veggane, og juryen frykter at rommet dermed kan få preg av å vera "pynta" og at mengda kan slå dei gode kvalitetane i hel. Ei vidareutvikling på dette punktet ville vore naudsynt om framlegget skulle realiserast.

#### Lars Sture

Lars Sture gjer framlegg om eit stort veggmontert arbeid med to hovudelement: Eit stort svart/kvitt foto av ein ryggvend person i eit tåkete fjellandskap, og ein serie broderte treplankar monterte framfor dette. Fotoet er delt i mindre delar, medan treplankane, som er gjennombroderte med svartsaum i ulike fargar, ligg i eit metallrammesystem i forkant av fotoet. Heile arbeidet monterast i ein ramme / boks med glas i front. Arbeidet har høgd 2,3 m, breidde 3,6 m.

Sture skriv sjølv at framlegget er ei undersøking av kryssingspunktet mellom menneske, natur og kultur. Arbeidet prøver å visualisera det å skulle orientera seg i uoversiktlege omgjevnader der horisonten stadig er forskuva. Personen i fotografiet beveger seg i eit omskifteleg landskap, medan broderiet i tre vert ein markør på erfaring, kunnskap og på det å gje seg tid.

Sture gjev framlegg til 3 alternative plasseringar av biletet: På auditorieboksens langvegg, på bibliotekboksens langvegg eller på langveggen ved kantina.

#### Juryens vurdering

Lars Sture har, som den einaste av kunstnarane, gjort framlegg om eit autonomt verk som skal monterast på vegg. Arbeidet er stort og monumentalt, samstundes som bruken av den ryggvende personen i bildet og dei handbroderte treplankane, gjev sjåaren noko menneskeleg og kjend å ta tak i. "Alle" kan vera personen i bildet, og "alle" kjenner igjen broderia, om dei er aldri så framandarta når dei er i pastellfarger på ein treplank. Det er enkle verkemiddel, men

overraskande konstallasjonar, og biletet etablerer slik en eigen poetisk røyndom. Med det store formatet og den lågmælte framtoninga bidreg arbeidet på ein positiv måte til å roe rommet ned.

Korleis arbeidet konkret skal byggjast opp, er berre summarisk gjort rede for, og juryen saknar foto eller materialprøve som på eit betre vis visualiserar korleis elementa foto, grid og treplankar konkret skal utformast og dimensjonerast for å bli til eitt verk. Ulike tekniske løysingar vil kunne gje ganske ulike visuelle uttrykk, og juryen føler arbeidet på dette punktet er kome kortare enn ynskjeleg. Det er og uavklåra om arbeidets totalvekt kan gjera at arbeidet må delast opp i mindre deler.

Juryen trur arbeidet vil tene på ei plassering der det og kan sjåast frå større avstand enn det det kan få i Hjarterommet.

#### KONKLUSJON

Juryen har hatt ei krevjande oppgåve med å kåre vinnaren av idékonkurransen. Framlegga er svært ulike og vil gje ulik oppleving av rom, stad og arkitektur. Etter ein grundig og open diskusjon, har juryen vald å gå vidare med framlegget til Laila Kongevold og Stefan Christiansen. Arkitekt og konsulent går i dialog med kunstnarane med tanke på ein prosess der framlegget vidareutviklast for realisering. Det er ein føresetnad at skulpturen *Apollo* omarbeidast for å imøtekomme krav til tryggleik og sterkare visuell samanbinding med Akantus.

Juryen har og fatta stor interesse for framlegga til Lars Sture og Lillian Dahle, og vil vurderer om det kan vera aktuelt å gå i dialog med dei om omarbeidde versjonar til andre stadar i bygget.

Bergen, 23. april 2015

Hilde Skjeggestad  
Ingebjørg Engel Astrup  
Gunnar Hemre Ringheim  
Marianne Ose Askvik  
Rannveig Landrø  
Brita Skjervheim  
Rebecca Hamre Vassdal